

Fra: Ingolf Martin Risvoll <ingolmar@online.no>
Sendt: 30. mars 2014 23:36
Til: NVE
Emne: Høyringsuttale Grøddalen Kraftverk sak 200905221

Området der inntaksdammen, røyrgata og kraftverket er planlagt bygd er eit mykje nytta tur og friluftsterrang. Både sommar og vinter. Erfaringsmessig blir aldri eit område som er utsatt for omfattande fjellsprenging og betongarbeid noko attraktivt naturområde meir. Den planlagde vegen oppå den nedgravde trykkrøyra vil sjølvstendig bli svært synlig gjennom skogbeltet. Vegen vil etter all erfaring også bli brukt til både lovleg og ulovleg køyring heile året. Det er heilt vanleg i Sauda. Inntaksdammen ved innfarten til Grøddalen vil etter min erfaring bli svært skjemmande. Betongkonstruksjonar passar aldri inn i gamle stølsmiljø. Svært beklageleg er det at den gamle stølen "Beintfram" blir kraftig påverka av både tilkomstvegen til planlagt kraftverk og av ein støyande peltonturbin. Utbyggaren lokkar med straum til hyttene rundt i området. Det er absolutt ikkje noko framskritt. Det fremjar sløseri med energi og store lysarrangement passar ikkje inn i dette miljøet. Det er endel skogsfugl i området. Høgspenlinjer, sjølv om det er BLX, går dårleg saman med skogsfugl og hubro. Elva som er planlagt utbygd er vakker i dette landskapet. Sauda sin vassdragsnatur er kraftig redusert og skjemma av ei omfattande tidlegare utbygging. Dette området som det no er søkt utbygging for er blant dei vakraste som er igjen. Dette er ein protest mot dei foreliggende planane.

Helsing Ingolf Martin Risvoll

Saua Gard 67
4208 Saudasjøen
Tlf. 52781376
E.post ingolmar@online.no